



Aktivitetshusets Damevenner er klare for ein ny, triveleg aktivitetsdag i båthamna: Sju av dei ni k er med på dette biletet – Hildegunn Klette og Åse Myklebust var ikkje til stades.

Aktivitetshusets Damevenner i Uskedalen er ustoppelige. No satsar dei for aktivitetsdag nummer fem og i år går den føre seg ei veke tidlegare enn i fjor: Laurdag 16. juni bør alle uskedelinger og eventuelle feriegjester setta av fire timar til eit triveleg samvær i båthamna.

- Vi startar klokka 11 og held på til 15 og programmet er spekka med aktivitetar, seier damevennene som enno ikkje har fått alt på plass.

Dei ventar meir pengar i kassa enn i fjor, då det kom inn noko over 15.000 i knallver. Men dette er tradisjonelt ikkje det mest inntektsbringande arrangementet som dei har gjennom året. Ein dansefest gjev større inntekt med mindre jobb. Meininga med denne dagen er framfor alt at den skal vera eit triveleg og sosialt samkome.

Her er nokre stikkord for kva som skal skje:

- Det er von om å få ned ein av dei to barnebåtane som Redningsselskapet har ståande i Bergen. Dei heiter Elias og er kjende frå barne-TV. I den kan ein person og eit barn køyra om gongen.
- Vannski og tube blir det også i år, men ikkje rotevling.
- Fiskekonkurransen for born opp til 15 år.
- Tøffetog blir lånt frå Husnes. Det vil køyre rundt i bygda og lokomotiv blir traktoren til Birger Myklebust.
- Natursti for vaksne og born vae populært i fjor og blir det nok også i år.
- Helikopterturar står også på årets program.
- Dette året blir det ikkje noko band, men derimot triveleg musikk ved trekkspelklubben.
- Salsstands med til dømes spekemat, klær, parselen, handarbeidsting og kosmetikk.
- Loddsal med mange slags gevinstar.
- Ansiktsmaling i to timar – frå 13 til 15.
- Rockeklubben presenterar seg og dalens eigen trubadur Michael Røssland syng. Truleg blir det også andre song- og musikkinnslag.

Berre på det siste året har Aktivitetshusets Damevenner samla inn bortimot 100.000 kroner til det gode føremålet. To dansar har kvar gjeve eit overskot på 20.000, medan julemarknaden gav 10.000 og aktivitetsdagen ifjor altså 15.000.

Eit nytt arrangement i fjor var ein haustfest som samla mange og gav 25.000 i kassa. Den vil bli arrangert også til hausten.

Aktivitetshuset skal fullførast dette året.

Av Ola Matti Mathisen



Det gjekk friskt føre seg under aktivitetsdagen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)